

# NAUSTDAL KOMMUNE

## MØTEBOK

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
04 / 1944	107
DATE	25 FEB. 2005
AN	ERSP.
521	

SAK NR.: Utval: NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

4/2005 Sakshands: HENRY RANESTAD

<b>KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ</b>	<b>Møtedato:</b> 03.02.2005	<b>Sak nr.:</b> 2/2005
<b>Jour.nr:</b> 2005/188	<b>Arkivnr:</b> S00	<b>Møtt:</b> 5 av 5
<b>Sakshandsamar:</b> HR		<b>Mappe:</b>
		<b>Avgj. av:</b>

<b>NAUSTDAL KOMMUNESTYRE</b>	<b>Møtedato:</b> 17.02.2005	<b>Sak nr.:</b> 4/2005
<b>Jour.nr:</b> 2005/188	<b>Arkivnr:</b> S00	<b>Møtt:</b> 21 av 21
<b>Sakshandsamar:</b> HR		<b>Mappe:</b>
		<b>Avgj. av:</b> K

### HØYRING: NOU 2004: 26 HEIMFALL

#### Vedlegg:

1. Høyringsbrev datert 01.12.04
2. "Fakta: Heimfall". Faktamatrise frå artikkel i "Nationen" 02.11.2004.
3. Utdrag frå KS-skriv, datert 29.12.04: Oppsummering av hovedpunkter og konklusjoner.

#### Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- NOU 2004: 26, komplett 249 s.
- KS, datert 29.12.04: Hjelp til arbeidet med høring av forslag til endringer i reglene om heimfall, komplett 21 s.
- K-sak 8/2003: Høyring: Endring i Industrikonsesjonslova og Vassreguleringslova.
- [www.oed.dep.no](http://www.oed.dep.no)

#### Saksopplysningar:

NOU 2004: 26 Heimfall, er av OED sendt ut på ålmenn høyring med frist 1. mars. Denne er laga av eit breitt samansett utval ("Heimfallsutvalet"), jfr. 1. avsnitt i vedlegg 1. NOUèn (som er på 249 sider) skal gje grunnlaget for ein regjeringsproposisjon til Stortinget i vårsesjonen -05. Om ordninga, sjå vedlegg 2.

På fleire av saksområda i utgreiinga delte utvalet seg i eit fleirtal og eit mindretal. Mindretalet i dei fleste viktige elementa besto av representantar frå LO (Landsorganisasjonen), LVK (Landssammenslutningen av Vasskraftkommuner) og KS (Kommunenes Sentralforbund). Dei har kome med særmerknad til utgreiinga. KS har utarbeidd ein rettleiar for sine medlemmer i saka på 21 sider.

Eit av dei viktigaste føremåla med utgreiinga er å lage ei ordning som skaper ein fungerande marknad for kraftkonsesjonar utan at heimfallsordninga fell bort.

### **Vurdering:**

Høyringsdokumenta er omfangsrike og stoffet er tungt tilgjengeleg og dels juridisk komplisert. Det er lagt vekt på EØS-reglementet, men koblinga her er av mange oppfatta som tvilsam.

Naustdal kommune har i K-sak 8/2003 uttalt seg til endringar i Industrikonsesjonslova og Vassreguleringslova. Den prosessen som då gjekk føre seg danna grunnlaget for Heimfallsutvalet sitt arbeid.

### *Nokre hovudmoment:*

- Heimfallsordninga, som snart er 100 år gammal, har som hovudføremål at naturressursen vasskraft ikkje skal kunne selgjast ut av landet.
- Sidan mange store kraftutbyggingar skjedde på 50 og 60-talet, vil konsesjonar omfatta av no gjeldande heimfallsordning nærme seg heimfallstidspunkt (60 år).
- Ordninga har ført til at off. eigde konsesjonar (td. kommunale kraftverk) ikkje kan selgjast til reell verdi, fordi private ikkje er interessert i å gje høg pris for noko som fell attende til Staten om kort tid.
- Heimfallsutvalets fleirtal (og regjeringa) vil i framtida ikkje skilje mellom off. og privat eigde konsesjonar, men at alle vert omfatta av heimfall, 75 år etter at ny lov vert vedteke.
- Denne ordninga kan oppfattast som "ekspropriasjon utan vederlag" frå kommunar, fylkeskommunar og private. Nokre hevdar at dette er i strid med Grunnlova § 105.
- Vert kommunar/fylkeskommunar omfatta av heimfallsordninga er det grunn til å tru at dei vil kjenne seg tvinga til å selgje sine konsesjonar så tidleg i heimfallsperioden at kjøparane framleis er villige til å gje høg pris. Dermed kan lett konsesjonane kome på utanlandske hender.
- Det er i NOU `en drøfta mange "mellomløysingar", t.d. "partielt heimfall" og "transaksjonsmodellen".

Rådmannen ser det som overordna viktig at råderetten over denne viktige naturressursen ikkje kan seljast ut av landet. Altså må heimfallsinstituttet vidareførast med restriktive føringar på innanlandsk eigarskap. Rein og fornybar energi vil, slik energi- og ureiningssituasjonen i verda no har blitt, få ein stadig stigande verdi.

Vidare er det viktig at forvaltning og verdiskaping av naturressursar skjer mest mogleg lokalt. Rådmannen ser ingen grunn til at kommunane skal gje frå seg konsesjonsverdiane til Staten, heilt eller delvis vederlagsfritt. Dersom eit dominerande offentleg eigarskap er naudsynt for å halde på råderetten over vasskraftressursane, er kommunar og fylkeskommunar like kompetente eigarar som staten.

**TILRÅDING :**

Naustdal kommunestyre vil i hovudsak støtte dei innvendingar som er framsett av KS til NOU 2004: 26. Dette inneber at kommunen også i hovudsak sluttar seg til særmerknadane frå mindretalet i Heimfallsutvalet, framsett av representantane frå LO, LVK og KS.

Naustdal kommunestyre meiner at kommunar og fylkeskommunar framleis skal ha høve til lokal forvaltning, eigarskap og utbytte av vasskraftressursane. Dette er naturressursar som ikkje skal kunne selgjast ut av landet.

**HANDSAMING I KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ****VEDTAK :**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**SAKSORDFØRAR: ARNE KJELL FOLKESTAD**

**HANDSAMING I NAUSTDAL KOMMUNESTYRE****Framlegg frå Frp v/ Oddvar Reiakvam:**

Tillegg til tilråding:

Naustdal kommunestyre anser det som viktig at det vert gjeve full erstatning ved ekspropirasjon, slik Grunnlova legg opp til.

**AVRØYSTING**

- 1. avrøysting:** Framlegget frå Frp. vart samrøystes vedteke.
- 2. avrøysting:** Tilrådinga med tillegg frå Frp. vart samrøystes vedteke.

Etter dette er det gjort slikt

**VEDTAK :**

Naustdal kommunestyre vil i hovudsak støtte dei innvendingar som er framsett av KS til NOU 2004: 26. Dette inneber at kommunen også i hovudsak sluttar seg til særmerknadane frå mindretalet i Heimfallsutvalet, framsett av representantane frå LO, LVK og KS.

Naustdal kommunestyre meiner at kommunar og fylkeskommunar framleis skal ha høve til lokal forvaltning, eigarskap og utbytte av vasskraftressursane. Dette er naturressursar som ikkje skal kunne selgjast ut av landet.

Naustdal kommunestyre anser det som viktig at det vert gjeve full erstatning ved ekspropirasjon, slik Grunnlova legg opp til.

Rett utskrift.

Dato : 18.02.05.

---